

TILTAK MOT FORUREINING FRÅ LANDBRUK ÅRSRAPPORT 1993	Rapportnr.: 6/94										
	Dato: 01.05.1994										
Forfatter(e): Elin Hilde	Faggruppe: Forureining										
Prosjektansvarlig(e): Fylkesmannen i Oppland, miljøvernavdelinga	Område Oppland										
Finansiering:	Antall sider:										
Emneord: Landbruk, forureining, miljøtiltak	ISSN - nummer: 0801 - 8367										
Sammendrag: <p>Omfanget av kontrollarbeidet frå fylkesmannen si side er redusert i forhold til tidlegare år. Oppfølging av gardsbruk med pålegg er gjort i samarbeid med og til dels av landbrukskontora.</p> <p>I 1993 var det berre godt halvparten av bruka som hadde gjennomført tiltak som pålagt. Dette medførte innkrevjing av mange forureiningsgebyr, fleire enn noko år tidlegare. Dette gjeld vesentleg tiltak på gjødsellager, men også ein del silo-/pressaftanlegg.</p> <p>Status i arbeidet med gjennomføring av miljøtiltak i landbruket er elles ganske god. Gjødselplanlegginga bør intensiverast dersom ein skal nå fastsette mål innan 1995.</p> <p>Gjennomført pr 31.12.1993:</p> <table style="width: 100%;"> <tr> <td>Registrering for tekniske miljøtiltak:</td> <td style="text-align: right;">65 % av alle bruk</td> </tr> <tr> <td>Samla plan for tekniske miljøtiltak:</td> <td style="text-align: right;">25 % av alle bruk</td> </tr> <tr> <td>Gjødselplanlegging:</td> <td style="text-align: right;">50 % av fulldyrka areal</td> </tr> <tr> <td>Andel av husdyrgjødsla spreidd i vekstsesongen:</td> <td style="text-align: right;">80 %</td> </tr> <tr> <td>Redusert jordarbeiding:</td> <td style="text-align: right;">30 % av kornarealet</td> </tr> </table>		Registrering for tekniske miljøtiltak:	65 % av alle bruk	Samla plan for tekniske miljøtiltak:	25 % av alle bruk	Gjødselplanlegging:	50 % av fulldyrka areal	Andel av husdyrgjødsla spreidd i vekstsesongen:	80 %	Redusert jordarbeiding:	30 % av kornarealet
Registrering for tekniske miljøtiltak:	65 % av alle bruk										
Samla plan for tekniske miljøtiltak:	25 % av alle bruk										
Gjødselplanlegging:	50 % av fulldyrka areal										
Andel av husdyrgjødsla spreidd i vekstsesongen:	80 %										
Redusert jordarbeiding:	30 % av kornarealet										
Referanse: Hilde, E: Tiltak mot forureining frå landbruk, årsrapport 1993 Fylkesmannen i Oppland, miljøvernavdelinga, rapport nr 6/94											



FORORD

Dette er ei årleg rapportering om fylkesmannen sitt arbeid med tiltak mot forureining frå landbruket i Oppland.


Kontroll med punktutslipp og disponering av husdyrgjødsel er omtalt. Det er og gjeve oversikt over status for gjennomføring av miljøtiltak i høve til fastsette mål.

I miljøvernavdelinga har Steinar Fossum og Elin Hilde arbeidd med tiltak mot forureining frå landbruk i 1993. Det har ikkje vore engasjert personell til dette.

Lillehammer 06.05.1994



Per Svardal
fylkesmiljøvernsjef



Tor Brustugun
seksjonsleiar

INNHALD

1.	SAMANDRAG	side
1.1.	Kontrollarbeid	1
1.2.	Status miljøtiltak	1
2.	ARBEIDET HJÅ FYLKESMANNEN	
2.1.	Kontroll og pålegg	2
2.1.1.	Eksisterande pålegg	2
2.1.2.	Innkrevjing av forureiningsgebyr	2
2.1.3.	Fristutsetjingar	3
2.1.4.	Nye pålegg	3
2.2.	Oppfølging av problem med husdyrgjødsel	3
2.2.1.	Forholdet til kommunale helsemyndigheiter	4
2.2.2.	Reaksjon frå fylkesmannen	4
2.2.3.	Melding til politiet	4
2.2.4.	Arbeidsgruppe husdyrgjødsel	5
2.3.	Bakkeplanering	5
2.4.	Samarbeidsprosjektet Møgop	5
3.	STATUS GJENNOMFØRING AV MILJØTILTAK	
3.1.	Tekniske miljøtiltak	7
3.1.1.	Registrering	7
3.1.2.	Samla plan og delplanar	7
3.1.3.	Gjødsellagerkapasitet	9
3.1.4.	Gjennomføring i forhold til målsetjing	9
3.2.	Gjødselplanlegging	10
3.2.1.	Gjennomføring i forhold til plan	11
3.3.	Bruk av husdyrgjødsel	11
3.3.1.	Spreiing i vekstsesongen	11
3.3.2.	Spreiing på type areal	12
3.3.3.	Spreiearealkravet	13
3.4.	Endra jordarbeiding	13
3.5.	Økologisk landbruk	14

1. SAMANDRAG

1.1. Kontrollarbeid

Fylkesmannen har i 1993 gjennomført kontrollarbeidet på gardsbruk i nært samarbeid med landbrukskontora.

Berre godt halvparten av bruk med pålegg hadde utført tiltak som pålagt. Difor er det i 1993 kravd inn forureiningsgebyr frå 13 gardsbruk, det høgaste talet som har vore noko år. Ein del fekk også fristutsetjing for gjennomføring.

Det var også i haust/vinter ein del henvendelsar om utkøyring av husdyrgjødsel. I to gjødselsaker er det bede om politietterforsking, men desse galdt forureining i samband med spreiding av husdyrgjødsel i vekstsesongen. I den eine saka vart det gjeve forelegg på kr 4 000,-. Den andre er ikkje avgjort enno.

1.2. Status miljøtiltak

Gjennomføringa av miljøtiltak generelt er ganske god i forhold til handlingsplanen fram mot 1995, utarbeidd av fylkeslandbrukskontoret i 1988. Men det gjenstår ein del på gjødselplanlegging.

Status pr 31.12.1993:

Registrering for tekniske miljøtiltak:

- 65 % av alle bruk som søker produksjonstillegg
- 80 % av husdyrbruka

Innvilga samla plan tekniske miljøtiltak, i perioden 01.09.88 - 31.12.93:

- 25 % av alle bruk som søker prod.tillegg
- 30 % av husdyrbruka

Inkluderer vi bruksutbyggingsaker har 35 % av husdyrbruka innvilga plan.

Gjødselplanlegging: - 45 - 50 % av fulldyrka areal
 - 35 - 40 % av bruk som søker produksjonstillegg

Andel av husdyrgjødsla spreidd i vekstsesongen: 80 %

Redusert jordarbeiding: 30 % av kornarealet

Økologisk landbruk: 58 gardsbruk, 0,5 % av fulldyrka areal

2. ARBEIDET HJÅ FYLKESMANNEN

2.1. Kontroll og pålegg, tekniske anlegg

Det vesentlege arbeidet har vore oppfølging av tidlegare pålegg om utbetring av siloanlegg/gjødsellager, og utskriving av nye pålegg i samband med klage på forureining.

2.1.1. Eksisterande pålegg

Det var ca 35 gardsbruk som hadde fått pålegg frå fylkesmannen til gjennomføring i 1993. Etterkontroll av desse er gjennomført delvis ved hjelp av landbrukskontora. D.v.s. at landbrukskontoret har ferdiggodkjent anlegget for utbetaling av tilskot. Synfaring frå fylkesmannen si side har då vore unødvendig.

Resultat av etterkontrollen:

OK	16
Mangelfullt	15
<hr/>	
Antal pålegg	31

2.1.2. Innkrevjing av forureiningsgebyr

På grunn av den mangelfulle gjennomføringa av pålagde tiltak, vart det i 1993 kravd inn fastsett forureiningsgebyr for 13 gardsbruk. I 3 andre tilfelle vart gebyret fråfalle. Dette er det største antal gebyrinnkrevjingar vi har hatt noko år.

Det vart kravd inn ein sum samla på kr 102 000,-. Det er gjennomsnittleg kr 7 800,- pr gardsbruk. Nokre av dei hadde pålegg både på siloanlegg og gjødsellager, men dei fleste pålegga gjeld berre gjødsellager.

I 1992 var gjennomsnittleg innkravd gebyr på kr 5 375,- og det vart kravd inn berre i 4 saker. Det har altså vore ein betydeleg auke i antal gebyrinnkrevjingar frå førre året, og ein auke i gebyrsummen.

Gebyrinnkrevjing siste åra:

År	Antal saker	Gjennomsnittelg gebyr kr
1989	5	3 400,-
1990	5	8 400,-
1991	6	6 250,-
1992	4	5 375,-
1993	13	7 800,-

2.1.3. Fristutsetjingar

7 gardbrukarar med påleggsfrist i 1993 søkte fylkesmannen om utsetjing, og fekk det. 3 av fristane vart utsett til seinare dato i 1993, 4 av fristane vart utsett til 1994.

Bakgrunnen for utsetjingssøkandane kan vere sjukdom, praktiske og økonomiske problem med gjennomføring av arbeidet. Det kan også vere at det ikkje er samsvar mellom fristen som fylkesmannen har gjeve i pålegget, og planfristen som landbruksmyndigheitene fastset. Ved utarbeiding av plan blir det skriftleg opplyst til gardbrukaren om at det er fristen som er fastsett av fylkesmannen som er gjeldande for gjennomføring av pålegget.

2.1.4. Nye pålegg

Utsending av pålegg på nye gardsbruk har som regel samanheng med innkomne henvendelsar til fylkesmannen om forureining. I 1993 vart det gjeve pålegg til 6 nye gardsbruk. I tillegg kjem i 1994 etterkontroll for dei som har fått utsett fristen frå 1993 til 1994.

2.2. Oppfølging av problem med husdyrgjødsel

Fylkesmannen får som tilsynsorgan for forskrift om husdyrgjødsel ein del henvendelsar som angår handtering av husdyrgjødsel. Det kan vere telefonhenvendelsar og brev frå gardbrukarar som har eit problem, eller frå landbrukskontor eller frå naboar som her ulemper i samband med ulovleg gjødselhandtering.

I 1993 fekk fylkesmannen ca 50 henvendelsar om husdyrgjødselproblem. Enkelte hadde problem med å få nedmolda gjødsla om hausten når snøen og frosten kom.

Bakgrunn for henvendelsane:

- Utelagring av husdyrgjødsel
- Full kjellar, for lite gjødsellager
- Ulovleg spreiring, f. eks. inga nedmolding
- Luktproblem
- Manglar ved anlegg og drift
- Brønnforureining
- Akutt utslepp frå gjødsellager

2.2.1. Forholdet til kommunale helsemyndigheiter

Klager på problem i samband med handtering av husdyrgjødsel gjeld ofte luktproblem eller lokal forureining av drikkevassbrønn. Dette har nær tilknytning til helsemyndigheitene sitt arbeidsfelt i kommunen. I saker som angår brønnforureining i større grad enn generell forureining av vassdrag, blir helse- og sosialstyret kopla inn. Desse sakene blir då vurdert ut frå kommunehelselova.

2.2.2. Reaksjon frå fylkesmannen

Fylkesmannen har ikkje gjeve dispensasjonar i samband med spreiring eller utelagring av husdyrgjødsel. Det blir stilt krav om at utelagring skjer i samsvar med retningsliner frå landbruksdepartementet, sikring mot avrenning. Å låne ledige gjødsellager hjå andre er også eit alternativ når gjødselkjellaren er full og det ikkje kan spreiest gjødsel, f. eks. om vinteren.

2.2.3. Melding til politiet

I 1993 bad fylkesmannen om politietterforsking i 2 saker om forureining frå husdyrgjødsel.

Den eine saka galdt spreiring av husdyrgjødsel om våren. Det vart spreidd store mengder blautgjødsel på eit bratt areal. Mykje av gjødsla rann på elva før ein fekk pløyd arealet. Utfallet av denne saka vart eit forelegg til gardbrukaren på kr 4000,-. Forelegget er vedteke.

I den andre saka rann det flytande gjødsel ut gjennom gjødselporten i samband med utkøyning av gjødsel. Dette rann til vassdrag. Saka er ikkje avgjort enno.

2 gjødselsaker frå 1992 vart avgjort i 1993. Resultatet var forelegg på kr 4000,- og kr 5000,-. Eine saka galdt utslepp frå gjødselkjellar, den andre galdt utkøyning av gjødsel som ikkje vart molda ned før vinteren.

Det vart også henlagt ei sak som var anmeldt hausten 1992. Dette dreia seg om

utkøyring av husdyrgjødsel om vinteren.

2.2.4. Arbeidsgruppe husdyrgjødsel

Ei arbeidsgruppe for redusert haustspreiing av husdyrgjødsel har vore i arbeid i 1993. Her har landbruksavdelinga og miljøvernavdelinga delteke saman med forsøksringen. Grappa har arbeidd mest med informasjon om bruken av husdyrgjødsel. Det er skaffa oversikt over aktuelle data for fylket, og det er foreslått endringar i samband med søknadsskjema for produksjonstillegg, slik at ein kan få meir sikre opplysningar om bruken av husdyrgjødsel over tid.

Når det gjeld bruken av husdyrgjødsel viser vi elles til kapitlet Status for gjennomføring av miljøtiltak.

2.3. Bakkeplanering

Fylkesmannen mottok 8 forenkla søknader om løyve til bakkeplanering i 1993. Det vart ikkje kravd formell søknad i nokon av sakene.

Fordeling på kommunar: Antal søknader:

Gran	2
Østre Toten	2
Lillehammer	1
Gausdal	1
Dovre	2
Sum	8

Miljøvernavdelinga behandlar planeringssøknadane etter bakkeplaneringsforskrifta (forureiningslova). I tillegg blir søknaden vurdert i landbruksavdelinga ut frå omsynet til areal- og kulturlandskapstillegget.

2.4. Mogop

Mogop er eit 2-årig samarbeidsprosjekt mellom offentlege etatar i Oppland, innan landbruk og miljøvern. Målet med prosjektet er å betre samarbeidsrutinane og effektivisere saksbehandlingen. Prosjektet er avslutta i 1993.

Det har vore faggrupper i arbeid innanfor desse felta:

- kulturlandskap og kulturminne
- arealplanlegging
- skog/vern/vilt
- geodata
- forureining og vassdragsforvaltning

I den siste gruppa er det vurdert forenkling i saksbehandlingsrutinar og overføring av avgjerdsrett frå fylkesmannen til kommunane. Dette gjeld forskrift om silopressaft og forskrift om husdyrgjødsel. I bakkeplaneringssaker er det foreslått overføring av oppgåver frå miljøvernavdelinga til landbruksavdelinga, altså ei endring innanfor fylkesmannsembetet.

Det blir truleg ikkje gjort endringar i myndigheitsområdet innanfor landbruksforureining før prøveprosjekta i Vestfold og Møre og Romsdal er ferdige i 1994.

3. STATUS GJENNOMFØRING AV MILJØTILTAK

3.1. Tekniske miljøtiltak

3.1.1. Registrering


Bakgrunnen for at fylkesmannen sin kontrollaktivitet på nye gardsbruk har gått ned, er at landbruksetaten gjennomgår situasjonen på alle gardsbruk (registrering), og planlegg evt. nødvendige tiltak mot forureining. I 1993 vart det registrert 745 gardsbruk. I løpet av perioden med tilskot til samla plan for tekniske miljøtiltak (frå 01.09.1989) er ialt 4 530 bruk registrert. Det er ca 80 % av husdyrbruka i fylket, og 65 % av alle bruk som søker om produksjonstillegg. Arbeidet med systematisk registrering på gardsbruk hadde starta opp i Mjøsområdet før 1988, i samband med strakstiltaka for redusert forureining i Mjøsa.

Når det er gjennomført registrering har landbrukskontoret betre oversikt, og grunnlag for å prioritere bruk for planlegging og gjennomføring av tiltak.


3.1.2. Samla plan og delplanar

I 1993 vart det innvilga 235 samla planar for tekniske miljøtiltak, noko færre enn i føregående år.


Diagrammet viser talet på innvilga samla planar i den perioden ordninga har eksistert. Tilskotsordninga gjeld frå 01.09.1988.



Neste diagram viser antal delplanar utarbeidd i fylket gjennom dei siste 5 åra. Utbetring av gjødsellager og silopressaftanlegg dominerer. Det er ikkje søkt om tilskot til vegetasjonssoner. Årsak til nedgangen i planar for kloakkreinseanlegg er endring i tilskotsforskrifta.




Neste figur viser fordeling av tilskotssummen for Oppland i 1993 på dei ulike deltiltaka: Gjødsellager, mjølkeromsavløp, silo- og pressaftanlegg, låvetørkeanlegg, hydrotekniske anlegg og kloakkanlegg. 70 % av tilskotssummen gjekk til gjødsellager.



3.1.3. Gjødslagerkapasitet

Oversikten nedanfor viser lagerkapasiteten på driftseiningar med gjødslkjellar, gjødslsilos og gjødslhus i Oppland, totalt 82177 gde har lager. 2244 gjødslreiningar (gde) er fordelt på driftseiningar med anna gjødslagring. Det er 2,7 % av alle gde. Tala viser at ein for 2/3 av gde har lagerkapasitet på 9 mnd eller meir. Dette gjeld 1993.



3.1.4. Gjennomføring i forhold til målsetjing

Pr 01.08.88 er det anslått kor stort utbetningsbehov det var for m.a. gjødslager og silo-/pressaftanlegg. Tabellen viser kor mange delplanar som er gjennomført i forhold til behovet, på gjødslager og silo-/pressaftanlegg. Her er også inkludert bruksutbyggingssaker i perioden (utan tilskot gjennom tekniske miljøtiltak).


	Gjødslager	Silo/pressaftanlegg
Anslått utbetningsbehov pr 01.08.88	2700	1790
- Innvilga som samla plan 01.08.88-31.12.93	1408	820
- <u>Gjennomført som bruksutbygging i perioden</u>	<u>174</u>	<u>100</u>
= Gjenstår å utbetre	1118	870

Det bør vere ei målsetjing å få gjennomført nødvendige tiltak i løpet av 1995. Det er då 2 år att til gjennomføring av det som gjenstår.


3.2. Gjødselplanlegging

Gjødselplanlegging er eit viktig tiltak for å minske nitrogenavrenninga, både i Nordsjøplanen og i tiltaksplanen for Mjøsa. Landbrukskontora og forsøksringane utarbeider gjødselplan.

Diagrammet under viser kor stort areal det er utarbeidd gjødselplan for i Oppland, nye og oppdaterte planar. Talet på oppdaterte planar har auka jamnt dei siste åra. Data frå landbruksavdelinga hjå fylkesmannen, årleg rapportering.



Neste diagram viser fordeling av gjødselplanlegginga på husdyrbruk og planteproduksjonsbruk dei siste åra. Husdyrbruka vart prioritert første åra, fordi ein venta å oppnå mest ved redusert avrenning på desse bruka. Vi ser at gjødselplanlegginga har auka att i 1993.



3.2.1. Gjennomføring i forhold til plan

I 1988 utarbeidde landbruksetaten i fylket ein handlingsplan for miljøtiltak fram mot 1995, i samband med Nordsjøavtalen. Målet var gjennomføring av gjødselplan på 5500 gardsbruk frå 1988 til 1995. Det er ca 7000 bruk i fylket samla. Ved utgangen av 1993 var det gjødselplan på 3532 bruk, d.v.s. 50 % av bruka. Det er dekt eit areal på 400 721 daa, altså 45 % av arealet, som er på ca 900 000 daa. Data frå landbruksavdelinga.

I forhold til målsetjinga står det då att ca 2000 nye bruk som bør få gjødselplan, og det er 2 år å gjennomføre dette på (1994 og 1995). D.v.s. 1000 bruk pr år. Det betyr at gjødselplanlegginga må intensiverast i forhold til det som har vore siste åra; ca 500 nye bruk pr år.

Ifølgje data frå utvalsteljinga har 2977 bruk i Oppland gjødselplan i 1993. Arealet for desse er på 470 262 daa. D.v.s. at ca 35 % av bruka har gjødselplan, og ca 50 % av arealet. 40 % av husdyrbruka har gjødselplan.

Status pr 31.12.1993:

Gjødselplan for

35 % av bruk som søker prod.tillegg (kjelde: oversikt frå lbr.avd.)

40 % " " (kjelde: SSB, utvalsteljing)

45 % av fulldyrka areal (kjelde: oversikt frå lbr.avd., fylkesm.)

50 % av fulldyrka areal (kjelde: SSB, utvalsteljing)

3.3. Bruk av husdyrgjødsel


3.3.1. Spreiing i vekstsesongen

Rett bruk av husdyrgjødsel er nær knytt til gjødselplanlegging. Målet er å minske spreinga av husdyrgjødsel om hausten til eit minimum. Gjødsel bør spreiest i vekstsesongen for å unngå avrenning.

Ifølgje utvalsteljinga i landbruket vart ca 80 % av husdyrgjødsel spreidd i våronna og vekstsesongen i Oppland i 1992. Vekstsesongen blir då definert av brukaren sjølv. Ei vurdeing frå landbrukskontora i 1992 anslo at 65 % av husdyrgjødsel vart spreidd i vekstsesongen.


Diagrammet på neste side viser antal bruk i Oppland, og kor stor del av husdyrgjødsel som blir spreidd i vekstsesongen. Data frå 1992. Kjelde: Utvalsteljing.

Det viser seg at 50 % av bruka i fylket spreier all husdyrgjødsel i vekstsesongen.



3.3.2. Spreiing på type areal

Det meste av husdyrgjødsla blir brukt på open åker. Ved auka spreieing på eng ville det vere mogleg å minske haustspreiinga ytterlegare. Av arealet som det blir brukt husdyrgjødsl på, utgjer "anna eng og beite" 31 %. Elles blir gjødsla molda ned; 69 % av arealet. Dette utgjer søylane "open åker" og "eng og beite som blir pløyd".




3.3.3. Spreiearealkravet


Pr 31.07.93 var det i Oppland 45 bruk i fylket med meir enn 20 gde som hadde for lite spreieareal. Vi går ut frå at desse har tilpassa seg i samsvar med kravet i løpet av 1993. Landbrukskontora følgjer opp desse bruka.

3.4. Endra jordarbeiding

Arealet som har fått tilskot til endra jordarbeiding har auka frå 64000 daa i 1992 til ca 80000 daa i 1993. D.v.s. at ca 30 % av kornarealet i fylket har redusert jordarbeiding. Tilskotsordninga kom i 1991. Diagrammet nedanfor viser utviklinga.




Diagrammet på neste side viser tilskotsarealet i 1993 for alle kommunane i fylket. Totenkommunane og Gran har det største arealet.



3.5. Økologisk landbruk

Tilskotsarealet for økologisk landbruk i Oppland har auka frå 4487 daa i 1992 til 4822 daa i 1993. Figuren under viser utviklinga.



I fylket er det Valdres og Ottadalen som har størst omfang av økologisk landbruk. Vestre Slidre og Vågå peikar seg ut. Det er berre i 6 kommunar at tilskotsordninga ikkje er brukt i 1993.

